



Nordhordland Indremisjon  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2009 - 19/21968

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

24.10.2019

## Godkjenning - GBNR 23/1 - Søknad om løyve til frådelling - Frekhaug

**Administrativt vedtak. Saknr: 257/2019**

**Tiltakshavar:**

Nordhordland Indremisjon


**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak:

Det er søkt om løyve til frådelling av eit areal på om lag 9868 m<sup>2</sup> frå gbnr. 23/1.



Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 11.10.2019.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar, jf. pbl § 21-3.

#### **VURDERING**

##### Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova, jf. pbl §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «*[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid med denne lov, forskrift eller plan.*»

Det omsøkte arealet er omfatta av Reguleringsplan for Danielsen skule, planid: 125620110005, og er satt av til byggeområde for undervisning, vegetasjonsskjerm, parkering, privat køyreveg og fortau. Deling av dette arealet er dermed i samsvar med gjeldande plan, jf. pbl § 26-1.

Areal regulert til offentlege formål skal ikkje inngå i frådelinga.

##### Tilknyting til infrastruktur:

Eigedommen er sikra vegtilkomst, vassforsyning og bortleiing av avlaupsvatn i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

#### **VEDTAK**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav m), løyve til deling av gbnr. 23/1 for oppretting av ny matrikkeleining på om lag 9868 m<sup>2</sup>, jf. vedlagte situasjonskart.*

*Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering over.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova, areal regulert til offentlege formål skal ikkje inngå i frådelinga.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan derfor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over størrelseen på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad - opprinneleg fil

**Mottakere:**

Nordhordland Indremisjon  
Nordhordland Indremisjon

5918  
5918

FREKHAUG  
FREKHAUG